



Regionsenter for husflidsnæring
v/Lise Finne
Nydalen 2
5040 Paradis

Dato: 25.03.2014
Vår ref.: 2014/14233-2
Saksbehandlar: josfare
Dykkar ref.:

Brev om bortfall av tilskot

Viser til e-post mottatt 11.03.2014 knytt til Regionsenter for husflidsnæring, i tillegg til dei mottatte dokumenta i forkant av Fylkesutvalsmøtet 20.02.2014.

Fylkesutvalet vedtok 20.02.2014 å ikkje forlenge støtta til Regionsenter for husflidsnæring. Grunngevinga for vedtaket finn ein i den politiske saka som er vedlagt dette brevet.

Vi viser til kontrakten mellom Hordaland fylkeskommune og Regionsenter for husflidsnæring, signert 18.11.2010, med avtalevilkår og tidslengd.

I punkt tre i kontrakten står det: «*OPPDRAGET startar 1. januar 2011 og gjeld for ei periode på tre år.*» Kontrakta gjekk altså ut 01.01.2014 og treng ikkje å seiast opp jamfør punkt 7: «*Avtalen gjeld til oppdraget er fullført, men kan skriftleg seiast opp av oppdragsgivar/oppdragstakar med 3 månaders varsel.*»

Hordaland fylkeskommune har ikkje mottatt årsrapportar og rekneskap som kontrakten tilseier og ser på dette som at kontrakten ikkje er overhaldt.

Det har ikkje lukkast oss å få tak i stiftingsprotokollen til Regionsenteret enno og vi kan med det ikkje stadfeste kven som står som opprettar av stiftinga.

Vi viser til Stiftelsesloven av 15.06.2001.

Jamfør § 50 kan styret eller opprettar søke om omdanning av stiftinga.

Hordaland fylkeskommune ber med dette om at styret i Regionsenteret for husflidsnæring vurderer og tar initiativ til omdanning av stiftinga, dersom det ikkje er vilkår for vidare drift av denne.

Bård Sandal
Fylkesdirektør for Regional utvikling

Mette Nora Sætre
Næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Saksframlegg PS 54/2014
- 2 Saksprotokoll PS 54/2014